



Frå Kjell-Jostein Vågen i Kvam har vi fått dette innlegget som konkluderer med ein påstand om at Uskedalen ligg eit stykke utanfor Hardanger:

Vyrde kvinnheringar!

Fyrst er det på sin plass med ros for denne positive sida.

Og sjølv om eg reknar meg som kvemming, har eg røter i Uskedalen ved at eg hadde ei oldebesta ifrå Rød. Ei nydeleg bygd i ein flott kommune.

Gunnen til innlegget var begrepet 'Porten til Hardanger'. Det må i så fall vera ein sabla laaang port. Eg, som mange andre, fekk boka 'Folgefonna og fjordbygdene' til jol.

Og der, som i ei rekkje andre oppslagsverk, opererer ein med grense/porten til Hardanger mellom Belsnes i Jondal og Vikingnes på Ljones i Kvam!

Så Uskedalen er og blir ei flott bygd, eit stykke utanfor Hardanger.

Kjell-Jostein Vågen